

Protokoll fra møte i Utdanningsutvalet 13.06.2025

Stad: Styrerommet – Muséplass 1, kl. 10.00-13.00

I Innkalling og dagsorden

Innkallinga og dagsorden blei godkjent. Ingen saker til eventuelt.

Forfall/vara:

Det var ikkje meldt om forfall til møtet.

II Protokoll frå møtet 7. mai 2025

Protokollen blei godkjent

III Orienteringar

Frå leiar

Leiar minna kort om innspelsrundane til kompetansebehovsutvalet (frist 30. juni) og regjeringas utval om kunstig intelligens i høgare utdanning (bør sendast i løpet av oktober).

Erfaringsdeling – Akkord og opptakt ved Eystein Kvam, KMD

Kvam innleia med å peike på særskilte utfordringar knytt til opptaka til KMD sine studieprogram, der åtte av ni blir gjort med opptaksprøvar i fleire rundar. Det gjeld handtering av dokumentasjon (opplasting, sortering og nedlasting), kommunikasjon med søkarar og tilgangsstyring.

KMD har løyst desse utfordringane med å lage sitt eige opptaksverktøy på toppen av FS og studentweb, med hjelp frå forskjellige verktøy i Microsoft-pakken. Opptaksverktøyet gjer dei fleste oppgåvene, og gir dei forskjellige fagjuryane riktige tilgangar på riktige tidspunkt. Verktøyet gir dessutan statistikk og oversikt over søkarane – kven som har fått tilbod, kva dei har svara, kven som er på venteliste.

Utdanningsutvalet tok presentasjonen til orientering, og var svært positive til verktøyet, som også kan vere relevant for andre fakultet dersom dei ønsker å starte med opptaksprøvar.

Sak 18/25 NORSTIP-ordningen

NORSTIP er retta mot studentar frå det globale sør, og UiB blei tildelt 24 av 200 stipend for opptaka i 2024 og 2025. Summen ga grunnlag for opptak av 28 studentar, og samtlege blei tekne opp i 2024. UiB fekk eitt ekstra stipend som skal nyttast i 2025.

Utdanningsutvalet meiner at fagmiljøa skal få velje om dei ønsker å ta opp NORSTIP-studentar samstundes, eller om plassane skal spreia over dei to åra. Utdanningsutvalet meiner også at det er svært uheldig at studieprogram ved KMD er utelukka frå ordninga.

Sak 19/25 Melding om internasjonalisering

Saka gjorde greie for internasjonalisering på studiefeltet – verkemiddel, utviklingstrekk og hovudtrekka. Utdanningsutvalet diskuterte klimaverknadene av utveksling utanfor Europa, og særleg Australia som toppar lista. Utvalet diskuterte om det var mogleg å gjere utvekslingsprosessen meir transparent og mindre byråkratisk, og andre tiltak knytt til trivsel.

Utdanningsutvalet understreka at utveksling er positivt for studentane – fagleg og på andre måtar. Det kan vere gode faglege grunnar til å reise langt. Den europeiske utviklinga i høgare utdanning går i retning av nasjonale språk framføre engelsk, og utveksling til Storbritannia etter Brexit er meir komplisert enn før.

Utdanningsutvalet slo fast at det faglege utbyttet med utveksling er det sentrale. Medlemene var samde om at UiB bør setje positivt fokus på europeisk utveksling mellom anna gjennom CHARM-alliansen, både på fagleg grunnlag og med bakgrunn i klimaverknader.

Sak 20/25 Status og gjennomføringsplaner for årets studentopptak

Saka er ei gjennomgang av prosessane knytt til studentopptak før oppstart i haustsemesteret, og korleis UiB ligg an.

Utdanningsutvalet diskuterte ulike tiltak som UiB kan gjere for å auke studenttalet, særleg tidspunktet for utsending av tilbod i masteropptaket og moglegheita for betinga opptak. Både medisinsk og samfunnsvitskapleg fakultet informerte om at dei mistar studentar grunne sein utsending av tilbod. Det kom fram at UiB likevel var tidlegast av BOTT-universiteta.

Utvalet ba om ei oppfølgingssak om tiltak for å sende ut tilbod tidlegare, og om moglegheita for betinga opptak.

Sak 21/25 Søkertallene for årets opptak

Saka dreidde seg om søkartala for årets opptak, fordeling på fakultet mv., alder og kjønn, og kor søkarane høyrer til geografisk. Saka omtala også ei vurdering av rekrutteringskampanjen til UiB.

Utvalet tykte kampanjen hadde treft ganske bra, og understreka at rekrutteringa handlar om langt meir enn denne typen profilering. Alle fagmiljø bør gå gjennom korleis programma blir lagt fram på studieprogramsidene til UiB, og korleis den faglege profilen blir lagt fram. Fagmiljøa bør dessutan sjå på innhaldet i studieprogramma og vurdere tverrfakultære studieprogram i større grad.

Andre moment som blei trekt fram som relevante for rekrutteringa var internasjonale trendar, og endringar i innhaldet (og tilbodet) i skulen.

Sak 22/25 Fagkritisk dag

Saka dreidde seg om korleis fagkritisk dag blir gjennomført ved dei forskjellige fakulteta. I alle tilfelle er det studentane som skal organisere dagen. Det varierer mellom fakulteta korleis og om fagkritisk dag blir gjennomført.

Utvalet trekte fram at det mange stader ikkje finst ein tradisjon for fagkritikk hjå studentane, at studentane synest at dei ikkje har grunnlag for slik kritikk. Det blei også trekt fram at studentmedverknad i prosessar ved universitetet er mykje betre i dag enn på 1970-talet.

Utvalet diskuterte i kva grad universitetet skal rettleie om innhaldet, legge til rette for arrangement, og hjelpe å organisere fagkritisk dag. Utdanningsutvalet kom til at fagkritisk dag bør halde fram som ein studentstyrt dag, men at det kan vere behov for å døpe om dagen og slik opne for eit større mangfald i innhaldet.

Sak 23/25 CoDesign: Kollektivt kvalitetsarbeid i høyere utdanning. Presentasjon Bjarte Hannisdal, iEarth

Presentasjonen viste utviklinga av eit verktøy for kartlegging, design og visualisering av studieprogram. Føremålet er å kunne skreddarsy studieprogram i større grad gjennom eksperimentering og sjå moglegheiter for endring.

Utdanningsutvalet tok presentasjonen til orientering.